

## Referat Haustmøte Hopp og Kombinert, Førde 24.10.2020, kl 14.00-16.10.

Til stades: Jan Inge Årdal, Jon Ove Lomheim, Per Birger Lomheim, Nils Olav Kongsvik

### Sak 01) Godkjenning av innkalling og sakliste

- Kun to av komitedeplemer møtte og ingen representantar frå IL Veten og Hornindal. Difor må det gjennomførast eige teamsmøte seinare der vi får med resten av komiteen og IL Veten og Hornindal for å drøfte å handsama oppsette saker.
- Møte handsama generelt under «Eventuelt»
  - Korleis få til rekruttering (Sunnfjord og generelt)
  - Anleggsutbygging
  - Tema oppsett elles i saklista til møte

### Sak 02) Val av referent

Jon Ove Lomheim valt som referent

### Sak 03) Orientering frå Haustmøtet i NSF

### Sak 04) Rekrutteringsarbeid i klubbane

### Sak 05) Aktivitetsplan 2020-2021

### Sak 06) Terminliste 2020-2021

### Sak 07) Handlingsplan 2019-2021

### Sak 08) Status anleggsprosessar og vegen vidare

### Sak 09) Eventuelt

1. Korleis få til rekruttering
  - a. Få til samarbeid med etablert skisenteret for langrenn og/eller alpint om tilrettelegging 1-5-10 meters-bakkar for enkle aktivitetar for rekruttering
  - b. Klubbane må ha tilgang til lette rekrutteringsski med NN-binding. Komiteen arbeider vidare med hjelp for dette til klubbane
    - i. Sponsorstøtte
    - ii. Økonomisk bidrag frå komiteen ?
  - c. Nye rekrutteringsbakker ved «sentrum» (ved skule og/eller andre sommaranlegg) (Eksempel: Stryn, Eid, Sandane, Førde, Sogndal, Gaupne)
2. Anlegg



SOGN OG FJORDANE  
SKIKRINSEN

- a. Vik.  
Skikrinsen må legge press på kommunen for utstyr til preparering av hoppbakken
- b. Stryn/Veten il
  - i. Høgste prioritet er tilrettelegging for både trening og krinsrenn i etablert anlegg. Hoppmiljøet i Sogn og Fjordane er avhengig dette einaste tilbodet, før realisering ved Sogn skisenter og tilfredsstillande prepareringsutstyr i Vik.
  - ii. K70 bør prioriterast for porselen-/is-spor (NB: Bøte stabilt spor enn idag)
  - iii. Eventuelle ekstra tiltak om idrettslag har økonomi og ønske om det (nytt og meir sentralt skitau også for K70 , plastlegging K70 osv.
- c. Rekrutteringsbakke Førde sentrum
  - i. Bør få den realisert snarast
- d. Rekrutteringsbakke Stryn sentrum
  - i. Bør få den realisert snarast
- e. Hoppanlegg Sogn skisenter
  - i. Realisering er avgjerande for hoppporten i Sogn og for skikrinsen elles

3. Andre tema.

Det vart elles drøfta renn- og aktivitetstilbod generelt, dommarsituasjon, disponering (prioritering) av mildar på HKK-sitt budsjett osv for vidare innspel og handsaming i komiteen.

Ref.

Jon Ove